

Innkalling til møte i Gulen kommunestyre 11.02.2021

SAKLISTE

- GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE
- GODKJENNING AV MØTEBOK
- DELEGASJONSSAKER
- SKRIV OG MELDINGAR
- GODKJENNING AV REGULERINGSPLAN FOR BRANDANGER UTVIKLINGSOMRÅDE
- ÅRSRAPPORT FOR KOMMUNALT NÆRINGSFOND 2020 OG STRATEGIAR FOR 2021
- REVISJON BEREDSKAPSPLAN
- KOMMUNEDIREKTØREN SIN OVERORDNA INTERN KONTROLL 2020

Stad og tid: På grunn av usikkerheit om framtidige smitteverntiltakingar, er stad for møtet ikkje sett. Møtet kan bli digitalt, men vi håpar å kunne unngå det. Møtestad vil gå fram av Gulen kommune si heimeside.

Alle er velkomne.

Hallvard Oppedal
Ordfører

Klart for tinging av fiberbreiband i nye område av Gulen!

Adresser som er omfatta av avtalen med Telenor frå august i fjor om fiberutbygging, kan no tinge fiberbreiband via nettsida fiber.telenor.no.

Utbygginga omfattar fastbuande og næringsdrivande i desse områda:

Grima, Brimnes, Randal, Vassvika-Skjerjehamn, Li, Hisarøyna, Mjåneset, Dingja, Fallebø-Vatne, Brosvik, Setenes-Glenja, Høyvika-Grinde, Glossvika-Omdal, Hantveit, Austgulen, Breidvik-Takle, Yndesdalen-Verkland, Instefjord og Kringla.

I tillegg til nettsal er planen at feltseljarar i løpet av februar vil ta direkte kontakt med dei aktuelle kundene, og at det vert halde eit folkemøte på Dalsøyra når koronarestriksjonane er lempa på. Fiberbreiband er ei nasjonal satsing, og det ligg mykje offentleg støtte i prosjektet.

Utbygginga startar i vår – Gulen kommune tek sikte på god informasjon undervegs på www.gulen.kommune.no.

Info frå barnevernet

Frå 1.januar 2021 er Gulen og Masfjorden barnevernteneste organisert under Oppvekst.

I tenesta vil du møte - Kristian Lillestøl, Anita Lihaug, Lindy Andersen, Anne Helen Engesæter, Kristin Midtgård og Jane Hesjedal

UKM 2021!

Dette blir året for nye utfordringar, også når det gjeld UKM. I år går vi for ei digital løysing der vi samlar saman digitale innslag og set saman til ei digital overføring.



No er vi i gang med workshops, så kjem påmelding til sjølve UKM. Vi treng eit lite team som kan teknikk, dermed startar vi tidleg ei påmelding for unge arrangørar.

Dette teamet vil bli med å filme og redigere for å setje saman ein produksjon. Alle andre som har lyst å bidra med dans, song, instrument, turn, tiktok, kunst, foto, scating, osv – gjer eit opptak av innslaget ditt og send oss, eller ta kontakt så avtaler vi tid for opptak.

Nytt for Gulen er at vi tilbyr e-sport. Likar du å spele? Då er dette ei sak for deg. Følg med på UKM.no Gulen for informasjon undervegs.

Påmelding er open frå 15. februar til 15. mars.

Kulturmidlar 2020

Lag og organisasjonar kan søkje kommunen om kulturmidlar. Søknadsfrist er 1. mars 2021. Det er to ulike ordningar å søkje på, ein for ålment kulturarbeid, og eit for kulturmidlar for born og unge. Ein finn søknadsskjema på gulen.kommune.no, under fana sjølvbetjening og vidare fana søknadsskjema. Der ligg det to skjema under Kulturmidlar, bruk riktig skjema for målgruppa/tiltaket.

Info frå Hukommelseteamet

Informasjonsside om demens

Aldring og Helse er ei nasjonal kompetanseteneste som arbeider med aldersrelaterte tilstandar og sjukdommar. Eit av fagområda deira er demens. Dei arbeider for å lære opp helsepersonell, pårørende og personar som har fått diagnosen. Inne på nettsidene deira kan ein sjå små videosnuttar om demens, eller finne ulike verktøy som kan hjelpe ein å meistre kvardagen med demens både for personar med demens og deira pårørende. Dei har og ein nettbutikk med bøker som omhandlar demens.



<https://www.aldringoghelse.no/demens/>

Har du spørsmål om demens?



Hukommelsesteamet i Gulen:
Brita Eidnes, tlf. 90 14 92 84 og Synnøve B. Giil, tlf. 91 10 41 88

Info frå eining helse

To frikort vert til eitt

1. januar 2021 vart dei to frikort-ordningane for helsetenester slått saman til ei ordning, med eitt felles eigenandelstak.

Det nye taket for frikort for helsetenester er 2460 kroner.

Les om sammenslåingen av egenandelstak 1 og 2 på helfo.no.

Fritidskontakt

Det er behov for fritidskontaktar (støttekontaktar) i dei ulike sonene i kommunen. Ein fritidskontakt har som oppgåve å hjelpe ein annan person til å ha ei aktiv og meningsfylt fritid. Nokre ynskjer å ha nokon å gå tur med, køyre bilturar saman med, reise på kino eller berre prate med. Det kan vere folk i alle aldrar med ulike utfordringar som har behov for ein fritidskontakt. Som fritidskontakt vil du få timebetaling for tal timar personen har fått vedtak på. Dette kan vere alt frå ein time i veka eller nokre timar annan kvar veke. Nokre vel å samle timane til å ta seg lenger økter. Dette er noko ein finn ut saman med den ein er fritidskontakt for.

Dersom dette er noko du kunne tenke deg ber vi om at du tar kontakt med underteiknande i Eining Helse, Gulen kommune.

Brita Eidnes, tlf. 90 14 92 84 og Synnøve B. Giil, tlf. 91 10 41 88

Info frå Dalsøyra barnehage- og skule

Dalsøyra barnehage og skule treng fleire ringevikarar!!!

Hei, kunne du tenke deg å vere ringevikar på Dalsøyra barnehage og skule? Vi treng sårt fleire vi kan ringe til ved behov, og behovet er stort!

Dersom dette er noko for deg, eller for nokon du kjenner, ta kontakt med Mona H.Midtun, leiar Dalsøyra barnehage og skule. Du må like å jobbe med barn. (politiattest er påkrevd)

Nytt frå



Eivindvik tannklinikk
Vestland fylkeskommune

Frå 1.april 2021 kjem her tannpleiar i 80 % stilling.

Vi gler oss over at Susan Norman kjem tilbake til oss.

Info frå eigedomsforvaltning

Avfall ved boss-container på kaia i Sollibotn

Gulen kommune har rydda ved boss-containerane på kaia i Sollibotn.

Frå i år har NGIR en ny ordning for vår- og haustrydding. Du kan lese om denne nye ordninga nedst på sida.

Ein må derfor ikkje legge ut avfall på kaia i Sollibotn, eller på andre stadar, som ikkje vert henta ved vanlege boss-tømming.



Takk for at du tek ansvar.

Info frå Gulen Frivillingsentral



Datakafè for seniorar

Gulen frivillingsentral har fått prosjektmidlar for å drive dataopplæring for seniorar under pandemien. Ved god tilrettelegging skal vi skape aktivitet 😊

Måndag 08.02.2021 klokka 17:00-19:00 startar Turid Westervik og Anabelle Butz datakafè ved Gulasalen på kommunehuset.

Den digitale verda er viktigare enn nokon gong. Året 2020 har vist oss kor viktig kunnskap innan den digitale verda er.

Me vil henge med på nyhetsbiletet i innland og utland, motta informasjon frå det offentlege, og no under Covid19 ser me at me treng digital kunnskap til og med for å kunne vere sosiale og snakke og sjå våre nære og kjære.

Har vi lyst å sjå ein konsert så kan vi streame den rett heim! Vi har mange plattformer som kan hjelpe oss med dette.

Nokon er ny i den digitale verda og andre har vore der ei stund. Vi ynskjer alle hjarteleg velkommen, og kan du dette frå før kan du likevel vere ein god støttespelar og ikkje minst viktig for det sosiale.

Ta med data, mobil eller nettbrett. Vi held smittevernsutstyr og har trivelige og flinke frivillige som hjelper dykk. Det er gratis å delta og vi har kaffi på kanna ☺

Påmelding til Anabelle på tlf 40207978 innan 06.02.2021 for å vere med. Vi tek påmelding slik at vi kan ivareta smittevernsreglar.

Vi vil heile tida følgje gjeldande smittevernsreglar, dermed blir det tilbod i kvar skulekrins dersom vi klarar å få frivillige.

Vi byrjar med Eivindvik, så kjem Eidsbotn ganske snart. Vil du bidra i Brekke eller i Ytre Gulen, kontakt Kristin Kvamme Rasch ved Gulen frivillingsentral.

Når vi har etablert tilbudet er målet kafè ein gang i veka, men dette vert diskutert med deltakarane så finn vi veien vidare saman.

Info frå NGIR

NGIR har køyrd vår- og haustrydderutar i ei årrekke, ei ordning der privatpersonar har hatt høve til å plassera avfallet sitt på fastsette hentepunkt.

Frå 2021 samlar NGIR inn grovavfall på ein ny og betre måte, med personleg frammøte. Den tradisjonelle vår- og haustryddinga vil difor ikkje lenger verta gjennomført for våre kundar i Gulen og Masfjorden (og delar av Alver).

Dette er dei viktigaste grunnane til at NGIR avviklar ordninga med vår- og haustrydderuter:

- For dårleg sortering av avfallet, som gjev låg gjenvinningsgrad.
- Mange tilfelle med farleg plassering av avfall, og fare for ureining.
- Tungvint innsamling og dårlege arbeidsforhold for våre tilsette.

Dette er den nye ordninga

Som alternativ til rydderutene, vert ei ny ordning med **mellombelse avfallsmottak** etablert kvar vår og haust. Eit mellombels avfallsmottak er ein «gjenvinningsstasjon på hjul», som inneber at NGIR kjem med konteinrarar, bilar og mannskap til kunngjort tid og stad, ein laurdag kvar vår og kvar haust. Du kan då levera avfallet ditt her, og du vil få hjelp og råd til sortering. Kostnadene med ordninga vil framleis vera dekkja via renovasjonsgebyret.

NGIR har hatt same ordning for kommunane Fedje og Modalen dei siste åra, og dette har vorte godt teke imot der. Som tidlegare nemnt, gjev denne ordninga rom for langt betre kjeldesortering av avfallet.

Sjå meir informasjon om dei ulike avfallstypene på www.ngir.no.

Viss du har spørsmål, ta kontakt på post@ngir.no.

Dato og stad for mellombels avfallsmottak

Dei mellombelse avfallsmottaka vert plassert følgjande stader:

- Prestekaia Eivindvik 06.03.2021. Kl 09.00-18.00
- Steine (ved Posten) 13.03.2021. Kl 09.00-18.00
- Brekke ferjekai 27.03.2021. Kl 09.00-18.00

Kundar som får endring i ordninga si vil få informasjon frå NGIR. Følg med på ngir.no, der informasjon og vil verta publisert når ny ordning er fastsett.

Dumping av avfall er brot på forureiningslova. Avfall som vert plassert på tidlegare hentepunkt må fjernast for eigar si rekning.

Hugs at alle NGIR sine hushalds- og hyttekundar også kan nytta dei permanente gjenvinningsstasjonane for levering av grovavfall, viss det høver betre enn ordninga med mellombelse avfallsmottak.

Sjå www.ngir.no for meir informasjon.

Oppfordring om at bebuarane i kommunen skriv ned stadnamna dei kan i Gulen

Eg håpar folk vil skrive ned dei stadnamna dei veit om og kva type terreng det er, kva

staden har blitt brukt til osb. Kan staden bli plassert på kart er det fint. Elles er det viktig at dei fortel den yngre generasjon om kva stadane heiter og kor dei er. Få gjerne naboane til å skrive ned stadnamn, og gjerne historier også. (Eit bra tidsfordriv i desse tider når ein ikkje skal treffe for mange folk. – Kva med ei lita historie eller to som gåve til slekt og vener?)

Turlaget skal ruste opp stølsvegen til Austgulstølen ser eg. Kanskje kan stadnamna langs stølsvegen bli merka med skilt? Kanskje det er andre stølsvegar og turvegar som kan få stadnamnskilt langs vegen?

I alle fall håpar eg at stadnamna blir nedskrivne og kartfest, slik at om det seinare kjem andre for å samle inn stadnamn på ein profesjonell måte så er dei ikkje heilt gløymde.

Med venleg helsing, Anne G. Waage

Annonce

Boka «**Gulatinget på Flolid gard**», kom ut i mai 2019.

Forfattar Liv Karin Flolid Lien

Du kan lese om stadnamna kring **Guløy**, som seier litt om bruken, **Domsteinen, Knarrholmen, Veholmen, Krosshaugen, Kyrkjestøa, Kyrkjehaugen.**

Namn som framleis er i bruk.

Du kan lese om reisa frå Eksingedalen til Gulating.

Du kan lese om Gula skipreide og leidangen.

Du kan lese om kongane som var på Gulating, som er nemnd i saga.

Du kan lese om Håkon Håkonsson si kyrkje på Kyrkjehaugen, og om Eidsvoldmannen frå Alværa som stadfesta at det var ei kyrkje her.

Du kan lese om samlingsstaden Gulakoven.

Og litt nyare gardshistorie.

Eg vaks opp på Flolid gard, og kjenner godt historia som høyrer til garden.

Kan tingast på mail:

likaf@online.no

Pris kr. 349,-

Liv Karin Flolid Lien

